

Fjågesund Posten

Nr. 3 august 2016

STØTT FJÅGESUND IL

MED TOMGODS!

Har de tomgods som me kan pante til inntekt for laget vårt, vil me gjerne at de set det ut i knytt pose, ved trammen eller innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Me køyrer rundt og samlar inn:
Tysdag 30. august
kl 17.00.



IDRETTSMERKEPRØVE

Tysdag 6. september kl. 18.00

på grendehusplassen

Oppfordring! Møt opp og test deg sjølv!!!!





Væratterhald

LOPPEMARKED

Laurdag 17. september kl 13.00

på Fjågesund grendehus

Sal av:

-  pølse med brød
-  vafflar
-  brus
-  kaffi



Har du rydda loft og kjellar og funne lopper av mang slags slag - håpar me du vil gje dei til oss og støtte Fjågesund idrettslag! Alt utanom klede, sko og store elektroartiklar vil bli motteke på grendehuset, me tek også imot bruka mobiltelefonar som gjeng til gjenvinning hjå Telenor. Mottaksdagar på grendehuset:

Mondag 12. september kl 18 - 19

Onsdag 14. september kl 18 - 19

Fredag 16. september kl 18 - 20

Velkomen til ein triveleg dag med

 liv og røre 

opper og lus på Fjågesund grendehus!



GRENDEHUSBASAR

Det er snart tid for den årlege basaren til Fjågesund grendehuslag. Me er svært takksame for gevinstar. Dei kan leverast til Trond eller Odd seinast **Tysdag 13 september**.



TUR TIL BRAKANDALSNOTEN

Sondag 18. september

arrangerar turleiarane Oddvar Hægeland og Ragnar Haugstøl i Kviteseid Turlag tur til Brakandalsnuten, Kviteseid.

Oppmøte Kilen kapell kl. 10.00

Sondag 25. september startar elgjakta...



TUR TIL KÅSA-LANDET

Sondag 9. oktober kl 15.00

Felles gå/sykle/køyre-tur frå grendehusplassen ut Bergstovegen til Kåsa-landet. Der blir det grilling! Ta med: grillmat, drikke og sitjeunderlag. Det er to nye benkebord på stranda som grendehuslaget har kjøpt.

Atterhald om vær.

Arr. Fjågesund IL



BYGDEKVELD

Sondag 30. oktober kl.17.00

på Fjågesund grendehus

”Draumen om Mount-Everest”

ein times film/bildeframsyning og foredrag av Tone Gravir og Leif Harald Bergseth. Framsyninga viser den dramatiske turen dei hadde då det var jordskjelv i Nepal (april 2015) som førde til snoras over campen deira, og evakuering med nød og neppe. Paret har nå planlagt ny klatretur i 2017.

Inngang kr. 200,- inkl. suppe, kake og kaffi.

Velkomen!

Arr. Fjågesund IL



DUGNAD I LJOSLØYPA

Idrettslaget planlegg dugnad i Ljosløypa seinhausetes med rydding av tre, busk og kratt. Me informerar om tidspunkt seinare.



ELGFEST

Laurdag 5. november kl. 19.00

Fjågesund jaktlag inviterer til elgfest på Fjågesund grendehus. Inngangspengane inkl. elggryte, kake, kaffi og levande musikk. Etter maten vil «Remi» stå for dansemusikken.

Påmelding til: Sverre 35056591/ Trond 35056577 innan torsdag 3. november.

Arr. Fjågesund velforening



BASAR

Sondag 13. november kl 13.00

på Fjågesund grendehus

- Lykkehjul.
- Trekking av basarbøker.
Hovedgevinst gavekort 3000,-
- Sal av kaffi, kaker, pølser og brus.

VELKOMEN!

Arr. Fjågesund grendehuslag



Sjå også heimesida til Fjågesund på:

fjaagesund.no

Fjågesund IL er på Facebook